

Referat frå foreldremøtet i 1. og 2. klasse

Tysdag 10. februar -15, Austebygd skule.

7 heimar møtte.


Eigen vurdering:

Forsking viser at når elevane vurderar seg sjølv, gjev det veldig godt læringsresultat, ein skilde meiner at det gjev best læringsutbyte.

Elevane får ved kriteriane som er sett opp til kvart mål, vita kva dei må strekkja seg etter for å nå høgste målet (den grønne ruta i vurderingsskjemaet).

Me skal og øva på å laga kriteriar til måla. Det har vorte prøvd, men elevane treng å verta sett godt på sporet for å klara det.

Foreldra fekk sjå to snutt om eigen vurdering: «Kameratvurdering» og «eigen vurdering». Som de såg, greier elevane mykje når dei får øvd seg på det.



Miljøet i klassen.

Elevane ser ut til å trivast og er veldig flinke til å arbeida, nesten uansett kva oppgåve dei får. Dei er blide og trygge, og kjem med pittesmå og større problem om det skulle vera noko.

Me har fokus på å passa på oss sjølv, ikkje tenkja mest på kva andre gjer og ikkje gjer. Nokre må øva litt meir enn andre på det, men alle skjønar kor eg vil hen. Noko å snakka om heima med den einskilde eleven.

Me arbeider med målark for at dei skal verta medvitne på kva den einskilde treng øva på og er flink til. Me byter litt rundt på plasseringa av elevane, slik at dei får verta betre kjend med kvarandre.

Elevane må seia fine ting om og til kvarandre ved t.d «Vekas kunstnar», der kunstverket til ein elev heng oppe på ein spesiell plass ei veka. Når veka er slutt, må alle sei noko fint om det til eleven.

Ein og ein elev får og sitja i stolen min etter tur. Så skal alle elevane seia noko fint direkte til denne eleven. Målet er m.a. å få fokuset vekk frå seg sjølv.

Me har små felles avslappingsøker der elevane får liggja på golvet og høyra og syngja rolege engelske songar. Andre, litt villare songar med rørsler til står og på programmet for å få dei samansveisa og få litt avbrekk i timen.

Me har hatt to hektiske, men veldig kjekke veker der me laga til dokketeater til månadssamlinga. Me har laga kulisser, dokker og øvd på replikkane og framføringa. Meininga er m.a. å skapa ei fellesskapskjensla der me har noko kjekt å arbeida mot i lag (i tillegg til alt det faglege me får inn på denne måten)

Leseopplæringa

Alle elevane er godt i gang med lesinga. Ved veileda lesing spesielt, men og ved leksehøyning og anna lesing får eg fortald kva dei må gjera for å koma seg vidare.

SOL (systematisk observasjon av lesing) vert og gjort 2 gongar pr. år. Me finn ut kva steg i den 10-stega lesetrappa eleven har kome på, og skal hjelpa han vidare til neste steg. Me er enno i startgropa med kursing på det, men brukar det så langt me er kome.

Elles er det svært viktig å øva saman med elevane kvar dag på leseleksa, og ha fokus på lesing, då det m.a. vert lesing i alle fag etter som åra går.

Nytt på vekeplanen: Les 15 minutt saman med mamma/pappa. Har hatt det før, men ikkje i år. Eg ser tydeleg framgang når elevane har lese/øvd godt ein periode. Så det er veldig viktig og lurt for leseutviklinga å bruka tid på leseleksa og dei 15 minutta felleslesing.

Dugnad v/klassekontaktane.

Det vert dugnad når det vert vår for å gjera ferdig gapahuken på Hokle.

Ymse

Det er lurt å senda med maleskjorter med elevane. Tysdagar er kunst og handtverksdagen (sjølv om det kan koma maling innimellom), så då er det kanskje lurt å ikkje ha dei finaste kleda på.

Ref

Liv O. Vetås

Liv O. Vetås

